

Fra: Olav-Kåre <olav-kaare.tykhelle@online.no>
Sendt: onsdag 6. april 2022 11:07
Til: Postmottak Alver
Emne: Spørjetime

Hei.

Ser i avisa NH at reguleringsplan Fv57 gang og sykkelveg skal opp til vedtak.

Eg har bruk nr 118/1 på Tykhelle og har kome med innspel både tidlig og seint i planprosess. Saksbehandling og tilbakemeldingar under prosessen har etter min oppfatning

vore svært dårlig. Taushet både frå vegvesen, og spesielt kommune har vore påfallande.

Eg trudde faktisk at spesielt kommunen var interessert i innbyggjarar sitt ve og vel.

Kanskje eg bur for langt vekke frå kommunesentrum?

Me har sidan ny veg til Mongstad vart bygd på midten av 70 talet hatt ein livsfarlig utkjørsel og kryssing av FV57. Denne var "midlertidig " står det i papira frå den gong, det er no snart 50 år sidan . Eg hadde derfor håp om at det no varrt slutt på det, men nei eg må nok ha det slik i uoverskuelig framtid.

Eg bad spesielt i min siste kommentar om at planutvalg/ansvarlege i kommunen skulle komma på befaring og sjå på galskapen sjølv, men nei. Det blir henvist til at det hadde vore befaring tidligare, det er riktig, men meir tafatte og uinteresserte personar skal du leite lenge etter. Det einaste dei hadde fokus på var at endringar kosta pengar. Mine bekymringar om trygg og sikker kvardag var ikkje i deira interesse.

Det manglar ikkje på engasjemang og tilsynelatande handlekraft når ei ulykke skjer. Då er både ordførar og andre på bana. No hadde de ein mulighet for å visa at det var noko i alle fagre ord.

Den muligheten har de misbrukt. Det var tomme ord.

Mvh

Olav-Kåre Tykhelle